

BOKN BYGDEBLAD

NR. 7


SEPTEMBER 1989

ÅRG. 4

UTGJEVAR: BOKN KULTURKONTOR

STADNAMN I BOKN

Austre Bokn



KRO er eit gardsnamn som er kjend også frå andre delar av landet, mellom anna i Hjelmeland. Det tyder rett og slett "krok", noko som også passer bra slik garden ligg til under fjellet Håklepp (som tyder den høge klumpen). Om Kro er det elles å seia at han seinast blei eigen gard for kring 1500 år sidan og at han må ha blitt skild ut frå ein eldgammal gard som også omfatta Øvrabø, Nerabø og Ognaland. Med unntak av Nerabø og med tillegg av Ognøy høyrde heile dette kompleks- et i mellomalderen til biskopen i Stavanger. Kro slapp elles avfolk- ing under Svartedauden og kan ha hatt samanhengande busetnad heilt sidan folkevandringstida kring 500 e. Kr.

ØVRABØ/NERABØ tyder beint fram den øvre og den nedre garden. Dette blei såleis i gammal tid, helst før mellomalderen, rekna som ein gard.

Namnet på denne garden som ganske sikkert har opphav heilt tilbake i bronsealderen, gjekk tapt før det blei sett på papiret. Såleis er Øvrabø nemnt heilt tilbake i 1932. Men det kan tenkjast at dette eld- gamle namnet har overlevd som ledd i markanamn på dei to gardane.

Det kan elles leggjast til at Nerabø var delt mellom Falnes prestebol og adelen. I 1534 høyrde adelshelvtta til den dansk/norske adelsmannen Eske Bille. Han overtok det etter svigerfaren Henrik Krummedige som i sin tur arva det etter far sin, Hartvig Krummedige som kom til Noreg frå Holstein kring 1430.

I mellomalderen låg det to bruk på Nerabø. Men under Svartedauden blei det eine (adelsparten) avfolka og bygningane rotne ned. På Øvrabø kan det ha vore tri bruk og også der blei det eine fråflytta under pesta.

Birger Lindanger

LESARBREV

KJÆRE LESAR

Det låg noko uhyggeleg og skremm-
ande i postkassa vår her om dagen.
Noko som gjorde med rasande og
redd. Det var programmet for parti-
et "Stopp innvandringen". Eg har
alltid tenkt at slike meiningar og
organisasjonar dør best og fort-
ast i det stille. No klarer eg
ikkje teie still lenger: Av det som
står i programmet er det meste
direkte feil og utruleg frekt.
I programmet står: "Ingen utlending
skal ha krav på å være i Norge
eller ha rett til norsk statsborg-
erskap." Når slikt dumpar ned i
vår postkasse, får eg lyst til å
reise bort saman med familien, med
ei kone som er innvandrar, som
ikkje har norsk statsborgarskap.
Dette for å sleppe å oppleve slike
vonde ting. Eg tenkjer på alle and-
re utlendingar som bur i Norge, og
på Bokn, som føler seg heime og
vil bu her, korleis slike setning-
ar må såra.

Medlemer av organisasjonen Folke-
bevegelsen mot innvandring (FMI)
har sagt at sjølv sagt gjeld det
ikkje kona mi og heller ikkje ei
rekkje andre men dei som har ein
annan kultur. Det er den norske
kulturen som er i fare. Ulik kul-
tur kan vere så mykje. Vi har u-
like kulturer i ulike deler av
vårt land også ulik tru og språk.
Kvar skal grensa gå? Mellom Norge
og alle andre land, mellom Norge
og nokre andre land.

Kanskje burde vi passe oss her på
Bokn for kulturen dei har på Kar-
møy og i Tysvær.

Norge er eit land med få innvand-
rarar og dei fleste kjem frå våre
naboland og andre land i Vest-
Europa og USA.

Me har i dag ein innvandrings-
stopp som har vart i mange år.
Dei som kjem inn i landet er flyk-
tningar, asylsøkjjarar eller har ei
utdanning som trengs i norsk hel-
sevesen eller næringsliv. Dersom
ein gifter seg med ein nordmann/
kvinne får ein også bli i landet.

Skal vi ikkje ta imot folk som
flyktar for å berge livet? Det ve-
re seg om dei kjem frå Sør Amerika
eller Sverige. Hugs kva Sverige og
England betydde for mange Nordmenn
under 2. verdenskrig.

Vi må vise medkjensle med menn-
eske i noud uansett språk, hudfarge
og religion.

Der er sjølv sagt menneske som
freistar å utnytte asylsøkjjarord-
ninga. Difor har me eit strengt
system for kontroll av alle asyl-
søkjjarar (for strengt meiner man-
ge). Alle asylsøkjjarar må difor
vente lenge (opptil 1 år) før dei
får vite om dei får bli i landet.

I 2. verdenskrig vart jødar og sig-
øynarar gjorde til syndebukkar av
nasistane. Dei var grunnen til all
elendighet slik som; arbeidsløyse,
bustadmangel, kriminalitet og mykje
anna.

Det er ekkelt og høyre same ord og
argumentasjon nytta i dag med inn-
vandrarane som syndebukkar. Når ein
les dette programmet ligg rasismen
på lur mellom linjene. Det er reds-
la for framande, for nye og ukjende
menneske som rår.

Kjennskap til og vennskap med
menneske frå andre landsdelar, land
og verdsdelar er spanande og int-
ressant. Det er mi personlege er-
faring og tru.

Den norske kulturen har utvikla
seg til det den er i dag ved hjelp
av impulsar frå ulike land og kul-
turar. Kristendomen til dømes, har
ein svært unorsk religion men er i
dag ein del av det vi kallar vår
kulturarv. Eg berre minnar om ord
som: Du skal elska din neste som
deg sjølv, og om historia om den
barmhjertige Samaritan. Skal ein
vise god norsk tenkje og handlemå-
te så må ein ta avstand frå "Stopp
innvandringen". Ein må vise at
løgn og skremselspropaganda ikkje
når fram.

P.S. Eg har heilt gløymt å nevne
at dei ikkje meiner nokonting
om noko anna enn innvandring.



TRANSPORTSELSKAP TIL SJØS

VIKING SJØTRANSPORT A/S
HAR GODT MED OPPDRAG

Bokn-Bru-prosjektet har gitt ringverknader også på den lokale arbeidsmarknaden.

Folk flest kjenner til M/F Raana og S/B Michel Viking. Raudmåla ferje og skyssbåt som omtrent heile døgn- et trafikkerer Boknasundet, Ognasundet, Frekasundet - ja heile distrikt- et. I tillegg til desse båtane har Viking Sjøtransport A/S ein mindre båt, S/B Speed Viking som er leigd av Statens Vegvesen. S/B Michel Viking er også leigd av Vegvesenet, mens M/F Raana utfører enkeltoppdrag, hovedsakeleg for Vegvesenet. Andre som har nytta seg av Viking Sjøtransport A/S sine transporttenester er m.a. Aker Entreprenør, A/S Betong pluss en del andre oppdrags- gjevarar.

A/S Viking Sjøtransport har hatt godt med arbeid, og har også måtta leiga inn andre fartøy for å greia toppane.

Fire mann har fast arbeid i firma- et.

Det er Lars Sigmund Alvestad, ein av medeigarane i A/S Viking Sjø- transport som seier dette til Bygdebladet.

Han fortel også at A/S Viking Sjø- transport på grunnlag av utførte arbeidsoppdrag nå har god erfaring i transport, og vil satsa på nye oppdrag i liknande prosjekt i tida som kjem.

FLAGGRUTA ANKEN IKKJE BEHANDLA ENNA

Stavangerske har anka Samferdsels- departementet sitt pålegg om at Flaggruta skulle anløpa Føresvik på alle turane.

Anken som Det Stavangerske Damp- skibsselskap har sendt Samferdsels- departementet er ennå ikkje behand- la. Dette opplyser førstekonsulent Nils E. Jensen i Samferdselsdepar- tementet.

Nils E. Jensen opplyser at saka skal få behandling frå hans side innan kort tid.

Nåverande ruter for Flaggruta gjeld til og med 30.09.89.


NYE RUTETIDER FOR BOKN-FERJA FRÅ NYTTÅR

M/F "Finnøy" vil trafikkera strekn- inga Bokn-Kopervik ut 1989. Dette lovar DSD i eit skriv til Bokn kom- mune.

Når brua over Ognasundet er ferdig og vegen over Austre Bokn og Ognøy er heilt klar til trafikk, vil M/F Bokn frå ca. januar 1990 gå i skytteltrafikk Føresvik-Tåganen inntil brua mellom Austre og Vestre Bokn er ferdig ca. oktober 1990.

Ferja vil kvardagar starta i Føres- vik kl. 05.45, 06.00, 06.30 og så kvar halvtime. Det er ein to timars stopp frå 11.30 - 13.30. Siste tur frå Tåganen er kl. 19.05, unntatt tirsdag, fredag og søndag, kor sis- te tur frå Tåganen er kl. 23.05.

Rutetidene vil bli nærare kunngjort seinare.



BOKN PENSJONIST- FORENING PÅ TUR TIL ETNE

Ja så kom turen den 14 de juli -89. Nett den datoen betydde så mykje for pensjonistforeningen.

Været, været korleis blir det tru? Sola skein, og alle møtte opp som hadde meldt seg på til turen. Mange sutar gjekk opp i inkje, og berre glad ansikt steig ombord i M/S "Finnøy". Haugaland Billag hadde funne ein likandes kar til sjåfør for oss. Han tok svingane så fint at ikkje ein måtte ut på vegkanten med eit lite offer.

Første stopp var Aksdal. Ein times stopp, akkurat, sa sjåføren. Der vandra me mellom palmer, sko og klær, blomster og alt muligt. Nokon drakk kaffi og åt fløytekake, andre handla, og atter andre koste seg med det dei likte best. Timen gjekk fort, presis adgang der ifrå for å nå middagen i Etne. Olaug hadde ordna det så viseleg at det sto "mottakelse" når me kom dit. Tenk det. Det er noko koseleg med eit håndslag, og orda Velkomen!

Ekteparet Olden og ei eldre lærarinne (eg hugsa ikkje kva ho heitte) sto så smilande på gardsplassen og helsa velmøtt til kvar ein, og baud oss inn til bords.

Olden var 80 år, ein gamal lærar som kunne fortelja frå Etne bygda, og lova å visa oss det som han tykte hadde mest verdi.

På slaget 12 baud Olaug til middag. God, velsmakande middag med eit ekstra godt vatn til drikke. Du som me kosa oss. Fine unge oppvartarar som gav oss inntrykk av å vera til, for at nå skulle me rektig vera deira gjester.

Kaffi og dessert var punktum for ei hyggeleg bordseta. Til sist gav Olaug dei kjekke gaidane blomster. Olden gav oss ei orientering om korleis dei hadde lagt opp programmet for den turen han skulle vere gaid.

Så bar det av stad. Først til Stødle kyrkje. Ei merkeleg kyrkje. Men så var det nå han Erling Skakke som hadde grunnlagt den som eit lite privat kapell. Den fekk hard medfart. I seinare tider har dei bygd på og restaurert det gamle kapellet slik at i dag er det ei fin kyrkje.

Olden fortalde at det hadde vore mange gravhaugar på Stødleflåtene, men bøndene hadde fjerna dei og teke det dei såg mon i.

Mange fine gardar i Etne bygda. Vel ned att der me kom i frå, gjekk me til "Sæbøtunet".


Eit fint stelt gamalt gardstun med alle hus som stod på garden i eldre tider.

Nå var det lærarinna sin tur til å fortelje. Her var ho heimekjend med alt som på garden var. I den gamle stova hadde ho fødd første barnet sitt. Ho hadde vore husmor på garden og fortalde så levande om alle eigne, og folket på garden sine gjeremål. Det er ikkje ofte ein får høyre eit livs levande menneske fortelje om livet på eit slikt museum, som var heimen hennar.

Tida gjekk så fort og me måtte vidare til Frakkagjerd. Hos Lundal var me venta til kaffi og fløytekaka, og litt meir kaka var der og.

Heimatt skulle me nå "seksferja" og sjåføren ville ha god tid på seg, dermed vart kaffiøkt heller kort. Det er jo litt å kjøpa hos Lundal, så me måtte jo ha litt tid der og. God brød, ferske billige brød.

Til Koparvik kom me i god tid og før heim glad og enige om at turen hadde vore vellukka på alle vis.



Haugaland Billag hadde funne ein likandes kar til sjåfør for oss. Han tok svingane så fint at ikkje ein måtte ut på vegkanten med eit lite offer.

NY GIV I BOKN UNGDOMSLAG?

Det går mot haust og mørke lange kveldar, og tida er inne til oppstarting av nye og gamle aktiviteter. Denne gong er det spesielt Bokn ungdomslag me har i tankene. Bokn ungdomslag har ikkje vore i drift på mange år, og me vil nå prøva å endra dette.

Målet for det nye Bokn ungdomslag er å samla unge og "eldre" i ein organisasjon, samt skapa nye aktiviteter for kvar ein boknar. Dess større interessa er, dess fleire aktiviteter kan arrangerast.

Til dømes:

- barnegrupper
- dansegrupper
- leikarring (som alt eksisterer)
- rock og swing
- folkedans

Enkeltkurs o.l.

Har DU forslag til andre aktiviteter tek me vel i mot dei!

Det vil arrangerast eit orienteringsmøte med ein representant frå Rogaland Ungdomslag, der me også vel styre for Bokn ungdomslag.

Me håper at det første arrangementet vårt blir SWING IT-helg i slutten av november. Oppslag om orienteringsmøte kjem snart. Ikkje vær redd for å møte, me opererer kun med frivillige styremedlemmer!

Elia Aase
Per Helge Sunde



Har du fritids- problem?

Den 1. august 1989 begynte Tove Bente Langvik i halv stilling som fritidsleiar i Bokn kommune. Ved sida av stillinga som fritidsleiar, er Tove tilsett i halv lærarstilling.

Tove er alt begynt å gjera seg kjent med barn og ungdom gjennom m.a. i fritidsklubben "Petra". Og meir blir det. Ei sak om utarbeiding av barne- og ungdomsplan for kommunen er under behandling i kommunale organ, og dette arbeidet vil venteleg bli ei viktig oppgåve for fritidsleiaren. Det vil m.a. gå ut på å registrera kva tilbod barn og unge har i dag, og å laga målsetjingar og handlingsplanar for fritidssektoren for barn og unge i tida framover.

Men Tove skal ikkje berre sitja på kontor. Ho skal aktivt ta del i, og gi råd og rettleiing til dei som driv med arbeid blant barn og ungdom i fritidstiltak.

Bokn Bygdeblad vil seinare ta ein prat med Tove.

Elles registrerer eg at den "frivillige" interessa for barn/ungdom er god i kommunen. Som ein kan sjå annan stad i bladet, er det nokre ivrige ungdomar som tar initiativ til å få nytt liv i Bokn Ungdomslag. Dette tiltaket må seiast å vera svært positivt, eg håpar at dei som tar initiativet vil stå på og få mange med seg. Det trengst ein frilyndt organisasjon som står for noko meir enn berre dans, sjøl om dans er ein viktig del i ungdomslaget sitt arbeid.

Røde Kors-forening kan det også bli dersom folk vil vera med. Også eit positivt tiltak som kan gi positive ringverknader i lokalsamfunnet.

I tillegg til alt som fins frå før, er det jammen ingen grunn til å setja seg framfor TV-ruta i mangel på tilbod om fritidssyslar!

R.A.

BOKN-PROSJEKTET

KLIPP FRA SISTE KVARTALSRAPPORT
(JUNI, JULI, AUGUST)

Ognasundet bru

Over halvparten av lengde er støypt. Brua vil vera samankopla i første halvdel av oktober.

Veg over Austre Bokn

Heile strekninga, bortsett frå tunnelen og områda nær bru-stadene i Ognas- og Boknasundet er nå asfaltert med oljegrus. Tåganeset bru i krysset mellom Rv. 512 og Fv. 897 er ferdig.

Tunnel Austre Bokn

Montering av ca. 100 m. sikringskvelv frå Ølen Betong A/S skal utførast. Lys i tunnelen skal monterast i haust. Deretter vil det bli lagt dekke.

Boknasundet bru

Landkarfundament i akse 1 (Austre Bokn) er ferdig støypt. Forskaling, armering og støyp av søyle i akse 2 (austre side av sundet) pågår. Mudring for søyle på vestsida pågår.

Veg over Vestre Bokn

Planert frå Alvestadkroken til Industrivegen (Knarholmvegen). Bærelag og topplag blir lagt fram til oktober. Alvestadkroken bru er ferdig. Arbeidet med Industrivegen bru startar i september. Sprengingsarbeid frå Industrivegen til Arsvågen startar mot slutten av 1989.

Arsvågen ferieleie og molo

Arbeid med kaisystem og oppstillingsplasser vil venteleg starta hausten 1990.

Framdriftsplan

Ognasundet bru ser ut til å bli ferdig før planen som er 23. desember 1989. Dersom alle planar held, kan strekninga Susort-Tåganeset bli åpna før årsskiftet 1989-90. Totalprosjektet blir nok ikkje ferdig før 1. juni 1991.

UTANLANDSKE UNGDOMAR PÅ GARDSOPPHALD I BOKN

Svanhild og Sigmund Alvestad har frå 1980 kvar sommar med 1 unntak hatt ein utanlandsk ungdom som såkalla arbeidande gjest.

Opplegget er frå LNU - (landslaget for Norsk Ungdomsorganisasjonar), som gjennom internasjonalt samarbeid kan tilby norske bønder såkalla arbeidande gjest. Opphaldet kan strekkja seg frå 4 veker til 3 mnd.

Sigmund og Svanhild Alvestad har hatt ungdomar frå Nederland, Canada, U.S.A., Tyskland, Japan, Polen og England.

Den siste var frå England, og var i Bokn frå mai til august.

Meininga er at ungdomane skal vera som eit familiemedlem den tida dei er her, og ta del i det daglege arbeidet. Det fins reglar for maksimum arbeidstid pr. dag, og for kor mykje fritid dei skal ha. Ungdomane får hus, kost pluss lommepengar.

Svanhild fortel til Bokn Bygdeblad at dei har positive erfaringar med ungdomane.

Alle var ikkje vane med praktisk arbeid på gard, og har ulik bakgrunn både i skulegang og praktisk arbeid.

Dei har likevel vore fin hjelp, og det har vore interessant med kontaktar i ulike land.

Svanhild seier likevel at det sjølsagt blir tidkrevande å oppretthalda kontakten, så det blir det så som så med.

Svanhild seier at dei ennå ikkje har bestemt seg om dei skal ha utanlandsk ungdom neste år.

BATTERI INNSAMLING

Oppslutningen om batteriinnsamlingen har vært svært god. En vil likevel minne om at innsamlingsbeholderene fortsatt er plassert utenfor forretningene.

Bruk disse og bidra til arbeidet for et bedre miljø!

BIBLIOTEKET



OPNINGSTIDER:

TIRSDAG: 10-13

TORS DAG: 16-19



BARN OG UNGDOM

- *Ambjørnsen, Ingvar:
Giftige løgner
- *Männikkö, Lise:
Tom-Abraham og Gamlehjelpen
- *Scheen, Kjersti:
Sofie og tøffe Anders
- *Solli, Åse Gyrid:
Høvding Varg
- *Nielsen, Mary Lee:
Hulderjenta

LESETIPS FOR SEPTEMBER

- *Irving, John:
En bønn for Owen Meany
- *Ballard, J.G:
Solens rike
- *Holstmark, Anne:
Norrøn mytologi
- *Nedland, Sigbjørn:
Bob Marley
- *Dahl, Willy:
Arnulf Øverland



BARNETIME

Torsdag 14.09 kl. 17.00,
ynskjer biblioteket barn
frå 3 - 6 år velkomne til
barnetime.

**BIBLIOTEKET INNEHELD
MEIR ENN DU TRUR.
ALT ER GRATIS!**

NYTT FRÅ IDRETTSLAGET

BIL'S GUTTELAGE TIL NORWAY CUP 89.

Lørdag den 29. juli. Endelig var den store dagen kommet, etter mange måneder med trening, planlegging og venting, reiste vi fra Bokn med ferja kl. 08.10. 2 store drosjer fra Kopervik til Helganes og derfra med fly til Oslo. Det kriblet vel litt i magen på noen og hver, særlig på de som hadde sin første flytur. Flyet kom vel frem til Fornebu der det var arrangert med buss som kjørte oss til Oppsal skole hvor vi skulle bo under Oslo-oppholdet.

Guttelaget besto av følgende: Jan Kristian Jøsang, Bjarte Langhelle, Terje Jøsang, Trond Foss, Einar Våge, Gjermund Sæbø, Louis Medhaug, Christian Ovidth, Hans Rune Øvrebø, Atle Jøsang, Jan Inge Våge, Hans Marius Våga, Jan Oskar Larsen, Kjell Arne Drange og Arne Gundersen.

Ledere: Trond Almås og Hans Ovidth.

Kampene startet søndag kl. 08.00 og holdt på til kl. 20.30 på 36 baner samtidig, alle gress. 22 på Ekebergsletta og de andre på 4 forskjellige steder i Oslo.

Bokn spilte sin første kamp mot Finnsnes på Rommenfeltet og tapte 9-0. Fint vær søndag. Resten av dagen gikk med til å se andre kamper.

Mandag slo Vinstra Bokn

12-0. Gjermund hadde et praktfullt svalestup ned i den største dammen hvor han ble sittende med vann nesten til livet. Bløte, skitne og tildels frustrerte over det store tapet, fikk de skiftet før vi spiste lunsj og tok turen til Oppsal for å henge opp tøy til tørk.

Ved frokosten onsdag kl. 08.15 fikk vi beskjed om at vi skulle spille kamp om 15 minutter på en bane i stikk motsatt del av byen. Ingen muligheter til å rekke det. Reiste opp til Ekeberg og kontaktet Teknisk Komite og det laget vi skulle spille mot, og fikk utsatt kampen til om ettermiddagen. Spilte da på Dælenenga midt i Oslo mot Enebakk og tapte 4-0. Terje fikk en skade i foten og var ikke gangbar. Fikk tak i Norsk Folkehjelp på Ekeberg og de sendte

sykebil som tok ham og Trond Almås opp til feltsykehuset på Ekeberg hvor Terje ble behandlet og heldigvis ble han så å si helt god igjen.

Bokn gjorde en meget god innsats når man tenker på den store aldersspredningen i laget, 13-16 år, vanskeligheter med å få trener og dermed uten trener de siste månedene. Lagene vi møtte var i sin helhet bygd opp av 16-åringer og

flere hadde vært på turneer og treningsleirer hele sommeren. Bakkelaget Sportsklubb som arrangerer Norway Cup gjorde en kjempejobb med å flytte alle kampene og sette opp nye oppsett. På onsdag ble det spilt kamper på 71 grus og gressbaner rundt om i hele Oslo for å ta igjen tirsdagens kampoppsett som ble kansellert.

Deltakerkortet ga oss gratis transport med Oslo Sporveier, fri adgang til flere utendørs- og innendørsbad og fri adgang til diverse museer. Torsdag, den andre og siste godværsdagen, reiste vi til Tryvannstårnet og hadde en alldeles praktfull utsikt over Oslo og Nordmarka fra utsiktstårnet. Deretter ble det en tur til Holmenkollen og heisen/trappen opp til hopptårnet hvor utsikten også var imponerende. En tur i skimuseet fikk vi også før vi reiste ned til byen og tok turen innom Vigelandsanlegget og en kikk på Frognerbadet. Noen dro så til Ekeberg mens resten ble igjen i sentrum for å prøve seg på bowling.

Fredag, regn igjen, reiste til Bygdøy og så på Kontiki, RA 2, Fram, Gjøa, sjøfartsmuseet og Vikingskipene. Meningen var at vi skulle avslutte utflukten med bading i Frognerbadet, men været ødela den gleden. Hadde en tur i bowlinghallen før turen gikk til Ekeberg hvor vi overvar kvartfinalene og semifinalene. Så en meget god og bestemt dommer, Heidi Sunde, dømme semifinalen, junior-damer, Koll-Nannestad. Koll vant.

Lørdag ble det en tur på Karl Johan og til Ullevål stadion for å

Idrettslaget.. framh.

se på de forskjellige finalene. Grått vær med regn utover ettermiddagen.

Turen til Oslo og Norway Cup var en stor opplevelse for oss alle. Guttene lærte seg mye om kommunikasjon og gjorde seg kjent i hovedstaden ved å bruke buss, T-bane og trikk.

De ble også kjent med piker og gutter fra hele landet og utlandet. Særlig var det noen Oslo-frøkener som hadde et meget godt øye til noen av Boknarane.

En ting er helt sikkert, denne guttegjengen fra Bokn var snille og reale og oppførte seg på en eksemplarisk måte. En lyst å reise på tur med sådan gjeng.

Hans

Rapporten er noko avkorta.
red.

BOKN FISKEMOTTAK A/S

500 tonn laks
til nå i år.

Til saman er det budsjettert at Bokn Fiskemottak A/S skulle ta imot 1.000 tonn i 1989. Dersom aktiviteten held fram som til nå, skulle målet på 1.000 tonn kunna nås.

Det er Bjørn E. Gundersen ved Bokn Fiskemottak A/S som opplyser dette til Bygdebladet.

Han seier at p.g.a. problema med alger i Ryfylkefjordane i sommar, vart laksen lite fôra i denne perioden, og dette førte til at han ikkje auka i vekt.

Oppdrettarane vil ha fisken noko opp i vekt før dei leverer til slakt, og Gundersen reknar med at frå september og utover vil dei få meir oppdrag.

I sommar var det fullt kjør ved fiskemottaket. Særlig mykje var det i juli. Dei fast tilsette hadde ferie i puljer, og mange ungdomar hadde sommarjobb ved bedrifta.

TV-AKSJONEN -89

Kvinner i den 3. verden

SØNDAG 15. OKTOBER



SR-PERSONKONTO SYR

FORDELER SAMMEN

HØY RENTE

**ENKEL OG
OVERSIKTLIG**

**PRAKTISK
I BRUK**



ABRAKADABRA TEATRET:

FAMILIESHOWET

Mix Max og Musikk

Bokn skule tirsdag den 5. september

kl. 15.30

Familieshowet "MIX MAX" er Abrakadabra teatret på sitt aller lystigste. Her er trylling, sang og musikk, leker og gjøgling satt i system- og hvilket system. Her slipper ingen unna. Publikum blir oppfordret til å delta hele veien og ingen er for gamle til å bli aktivisert. Trond er tryllekunstner og Bjørn trylleassistent, men det hele foregår ikke uten forviklinger av alle slag.

En viktig ingrediens er sang og musikk. Abrakadabra teatret har i årenes løp produsert en rekke plater og kassetter og vi får smakebiter på en del av produksjonen.

Abrakadabra teatret er etterhvert blitt en av Norges eldste frie teatergrupper (de har faktisk holdt det gående i over 13 år!) og har turnert i de fleste av landets fylker.

Showet varer i ca. 45 minutter, og passer for barn fra 3-4 år, men er samtidig et typisk "familieshow". Alle ønsker hjertelig velkommen til en hyggestund sammen med Abrakadabra Teatret.

Inng.pengar: kr.10,-.

Arr.: Bokn kulturstyre støtta av Fylkeskulturstyret.



BOKN KOMMUNE

BOKN MUSIKKSKULE

4290 FØRESVIK — TLF. 04-74 85 00

BOKN DAMEKOR

BOKN DAMEKOR har allerede hatt sin første øvelse, og koret kommer til å fungere bra - men vi trenger flere medlemmer!

Vi øver på TIRSDAGER KL. 20.00 - 21.30 i musikkrommet.

Er du 13 år eller mer kan du være med.

Bli med, så blir koret enda bedre!
DU ER HJERTELEG VELKOMMEN!

10

FANTOMET PÅ FARTA

PÅ BOKN SKULE MANDAG DEN 11. SEPTEMBER

KL. 19.00

Friiite, donk, krakk, splæs!!!!

En salto, en venstre hook og forbryteren faller til jorda som en død fisk. Det gode, gamle, men evig unge 21. fantomet har tatt sjansen på å forlate sin trygge plass i tegneserieheftet og har tatt med seg hele sin verden til scenen; jungelen, Sala, Ulv og øya Eden. "Mordet på Ulv" - en thriller. Blir Ulv drept? Er han kun Fantomets beste venn, eller viser han seg også å være den siste ulven? Det 21. fantomet og hans små og store muskler - vil de klare å løse denne komplekse mordsaken? Skuespillerkompaniet presenterer en tegneserieverden på scenen. En forestilling fortalt av Fantomet, i egen person, gjennom oppsiktsvekkende effekter; video, lysbilder, lyd, ketchup, eksplosive overraskelser og halsbrekkende akrobatikk. En forestilling som får deg til å le og gråte, og gir deg gåsehud på ryggen. Et gammelt jungelord sier: "Når Fantomet forteller historien om Ulv, ønsker ingen å gå glipp av det".

Inng.pengar: kr.10,-.

Arr.: Bokn kulturstyre støtta av Fylkeskulturstyret.

**Stykket passer
for voksne, ungdom og barn ned
til 8 - 10 år.**

BIBLIOTEK

Biblioteket har stengt tirsdag den 5. september.

UTLEVERING AV MEDISINER

I Føresvik kan medisiner frå Koper-
vik Apotek utleverast direkte ved
ferjeankomst kl.16.50.
Etter den tid kan medisinerne hent-
ast ved Bokn sjukestove frå kl.19.00.

TRELAST OG
BYGGEFIRMA
LANGDAG TIRSDAG
DIN NÆR BUTIKK
UTVIK AS
AVALDSNES - Tlf. 84 31 11
Nær riksvegen og kai

BOKN TEGNE- OG SALGSKONTOR
RING SOLVEIG GUNDERSEN FOR
AVTALE - TLF. 748501

TEGNING - BYGGESAKSBEHANDLING -
FORSLAG TIL KJØKKEN -

MANGE GODE TILBUD

BUNADSKURS

KURSSTART: Tir. 12. sept.

KURSTED: Bokn skole

KURSPRIS: kr. 445,-

ANT. TIMER: 30 timer

KURSLEDER: Leonora Alvestad

Påmelding:

ADF Tlf. 71 27 99

RØDE KORS HJELPE- KORPS PÅ BOKN.

Ei gruppe personar på Bokn vil i nær framtid ta initiativ til å starta eit Røde Kors Hjelpekorps på Bokn.

Dersom det er interesse for dette, vil det etter kvart bli arrangert kurs i førstehjelp, katastrofehjelp o.l.

Dei som har interesse for å bli med i eit Røde Kors Hjelpekorps på Bokn kan ringa til Else Nilssen tlf. 74 83 38 eller John Magne Lie tlf. 74 85 54.

Det vil seinare bli arrangert eit informasjonsmøte kor interesserte kan møta fram.



BOKN KOMMUNE

4290 FØRESVIK

BUSTØNAD FOR MINSTEPENSJONISTAR

Bokn kommune har midlar til reduksjon av buutgifter for pensjonistar. Pengane skal fordelast etter desse vilkåra:

Søkjaren må:

- Vera alders- uføre- eller attlevande pensjonist.
- Ikkje ha andre inntekter enn summen av minstepensjonen i folketrygda + eventuelle mindre tillegg, eller anna inntekt pensjon som overstig denne summen.
- Ha buutgifter som overstig 15% av inntekta. Buutgifter omfattar husleige, avdrag og renter på bustadlån, kommunale avgifter, lys og brensel o.l.

Søknadsfrist er 1. oktober 1989.

Søknadsskjema og nærare opplysningar får ein ved å venda seg til sosialkontoret, tlf. 74 85 00.



BOKN KOMMUNE

KUNNGJERING

BOKN KOMMUNE

Forslag til idrettsplan for Bokn kommune er lagt ut til høyring ved Boknatun, Føresvik.

Interesserte kan koma med merknader til planen.

Ein kan venda seg til Bokn kommune, 4290 Føresvik, skriftleg, ved personleg fram møte eller over tlf. 74 85 00 innan 28.09.89.

Rådmannen

Bokn komm. barnehage

VIKAR

Barnehagen treng ein fast vikar. Opplysning om stillinga kan du få ved å kontakta styraren, tlf. 74 85 40.

Søknaden sendes Bokn barnehage innan 15. september 1989.

ARRANGEMENT

I SEPTEMBER

- Tirsd.: 5. sept.: Abrakadabrateatret med "Mix Max og Musikk".
Bokn skule, kl. 15.30.
- Mand.: 11. sept.: Skuespillerkompaniet med "Mordet på Ulv".
Bokn skule, kl. 19.00.
- Torsd.: 14. sept.: Barnetime - på biblioteket, kl. 17.00.
- Laurd.: 16. sept.: Dans.
Arr.: Idrettslaget.
Musikk: EMBASSY.

FEIING

Huseiere som ønsker feiing av pipe i løpet av høsten må henvende seg til Edvin Øvrebø innen den 11. september.

STORTINGSVALET 1989

MANDAG DEN 11. SEPT.

OPNINGSTID FOR VAL-LOKALA: 13.00-20.00

1. KYRKJEBYGD KRETS.

NB! Valet er i Allrommet på Boknatun.

2. HOGNALAND KRETS.

Valet er på Hognaland bedehus.

3. AUSTRE BOKN KRETS.

Valet er på det gamle Austre Bokn bedehus.

ARBEIDSLEDIG UNGDOM

I BOKN

I samarbeid med arbeidskontoret tar Bokn kommune inn ungdom på praksisplassar. Ordninga gjeld ungdom under 20 år og som står utan skule eller arbeid. Ein må vera registrert ved arbeidsformidlinga.

Dei som blir tatt inn får utbetalt ein kursstønad på kr. 120,- pr. dag.

Kontakt Bokn sosialkontor dersom dette har interesse.

STIPEND FOR SKULEELEVAR

Bokn kommune gir stipend til personar heimehøyrande i Bokn kommune til almenutdanning og yrkesutdanning utover grunnskulen i inntil 3 år inntil fylte 25 år.

Nærare opplysningar om stipendet og søknadsskjema får ein ved å venda seg til Bokn skulekontor.